

HAREID KOMMUNE

KOSEKVENSENTGREIING


Kommuneplanens arealdel 2020-2032

PlanID: 20160004

Samandrag

I konsekvensutgreiinga vert nye byggjeområder skildra, samt at det vert gjennomført ei vrudering av områda sin verknad for miljø og samfunn. Dette følger av plan- og bygningsloven av 2008 § 4-2.

Godkjent av Hareid
kommunestyre xx.xx.20xx,
sak





Innhald


Innleiing	2
Metode	2
Vurderingsgrunnlag	5
KU som del av planomtalen.....	5
Kunnskapsgrunnlag	5
Generelle forhold	6
Områder som tidligare er konsekvensutgreiia	7
Konsekvensutgreiing for nye områder - Kommuneplanens arealdel 2020-2032	8
B7 KJØSAPLASSEN	8
TEIGANE.....	10
B9 NERLI	12
B8 KOMMUNESKOGEN.....	14
B12 BREKKANE.....	16
UTVIDELSE MASSEDEPONI HAREIDSEIDET	18
Frn1 KORSHAMNA.....	20



Innleiing

Plan- og bygningslova set krav til at kommuneplanens arealdel alltid skal omfattast av kravet til konsekvensutgreiing (KU). For arealdelen skal KU beskrive verknadar for miljø og samfunn av alle nye områder for utbygging og vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggjeområde. Nye utbyggingsområder skal konsekvensutgreiast i tråd med forskrift om konsekvensutgreiingar. Utgreiingane skal vere tilpassa plannivået og skal vere relevant i forhold til dei avgjersler som skal takast, og så langt som råd basert på kunnskap som ligg føre, jf. forskrifta § 9.

Metode





Prosessen bak arbeidet med KU, som ein del av rulleringa av kommuneplanens arealdel, er skildra i figuren over. Ved oppstart og i høyringsperioda for planprogrammet til kommuneplanen sin arealdel, kom det fleire innspel om både ny og endra arealbruk i kommunen. Nokre av innspela vart luka ut ved første gjennomgang av innspela. Dei innspela som truleg kan realiserast og er forenleg med kommunen sine visjonar og målsettingar vert vidare vurdert i KU. Eit av innspela er berre vurdert i KU, og ikkje tatt med vidare i planforslaget då konsekvensane av innspelet er for store. Alle innspela til kommuneplanens arealdel vert vurdert og kommentert i eit eige vedlegg, sjå vedlegg I.

Når det kjem til sjølve konsekvensutgreiinga, er den gjennomført i tråd med «Veilder: Konsekvensutgreiing av kommuneplanens arealdel» (T 1493). Det er utarbeidd eit tilpassa skjema som er brukt i vurderinga av konsekvensar for natur, miljø og samfunn for alle endringar i kommuneplanen der det er foreslått arealmessige endringar i LNF-område, herunder nye byggjeareal eller utviding av eksisterande.

Skjemaet som vert brukt for å vurdere konsekvensane av endringa i arealformålet:

TEMA	Liten konsekvens	Middels konsekvens	Stor konsekvens
Miljø			
Forureining	Ingen kjend fare for grunn-, vann- og luftforureining.	Ukjend eller middels risiko fare for grunn-, -vann- og luftforureining.	Stor fare for grunn-, vann- og luftforureining.
Skred,- og flaumfare. Grunn-forhold, lausmasse.	Ingen kjend fare for skred eller flaum. Grunnen egnar seg til utbygging. «gode» lausmasser.	Bratte skråningar. Elv i nærleiken. Marin leire i grunnen. Ukjent stabilitet. Behov for ytterlegare undersøkjing og avbøtande tiltak.	Kjende fareområder. Bratt terreng. Innanfor flaumsone for 200-års flaum. Innanfor sone for oppskylling frå Åknes, H320 i plankartet.
Støy	Utanfor støysone.	Innanfor gul støysone.	Innanfor raud støysone.
Natur-mangfold	Ingen kjende lokalitetar i området eller kjende lokalitetar som ikkje er raudlista eller trua.	Mindre inngrep i viktige/verdifulle lokalitetar. Behov for ytтарligare undersøking og avklaring i reguleringpslan.	Viktige/verdifulle lokalitetar vert påverka negativt eller går tapt.

Figure 1 Illustrasjon som syner korleis nye areal vert lagt inn i planforslaget, ved rullering av kommuneplanens arealdel.



Kulturminner og kulturmiljø	Ingen kjende kulturminne eller kulturmiljø går tapt. Ingen SEFRAK-registrerte bygninger.	Nokon kjende, men mindre viktige, kulturminner går tapt. SEFRAK-registrerte bygninger er listeførd – krev ytterligare undersøking og klarering i reguleringsplan.	Kjende kulturminner og kulturmiljø vert påverka negativt eller går tapt. SEFRAK-registrerte frede enkeltminner vert råka av utbygging.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv, friområde.	Nærleik til friluftsområder og grønstruktur. Ingen tap av desse verdiane.	Inngrep som kan verke noko øydeleggande for desse verdiane. Behov for ytterligare undersøkjing og avbøtande tiltak.	Store negative konsekvensar eller tap av verdifull friluftsområder, friområde eller grønstruktur.
Jord- og skogbruk	Ikkje dyrka mark, AR5. Skog med lav bonitet. Egnar seg ikkje for oppdyrkning av fulldyrka jord.	Delvis dyrka jord (AR5), mindre område med dyrka jord går tapt. Skog med middels til lav bonitet.	Fulldyrka jord (AR5) går tapt. Jord som er egna til oppdyrkning til fulldyrka jord.. Skog med høg til særhøg bonitet.

Samfunn

Teknisk infrastruktur	God kapasitet på eksisterande infrastruktur. Ingen store kostnadars.	Noko utbygging av infrastruktur kan måtte pårekna. Nokre kostnadars kan komme grunna ny infrastruktur.	Større utbygging av infrastruktur. Kan medføre store kostnadars.
Sosial infrastruktur	God kapasitet på eksisterande skule, barnehage, helseteneste med meir.	Middels kapasitet på eksisterande skule, barnehage, helseteneste med meri. Kan måtte auke tilbodet.	Sosial infrastruktur er for därleg. Må byggje ut/auke tilbodet. Kan medføre store kostnadars.
Forholdet til strategi for framtidig arealbruk	Tiltaket er i tråd med gjeldande planstrategi, nytt plankart og måla som vert omtala i planomtalen.	Tiltaket er delvis i tråd med gjeldande planstrategi, nytt plankart og måla som vert omtala i planomtalen.	Tiltaket strider med gjeldande planstrategi, nytt plankart og måla som vert omtala i planomtalen.
Folkehelse/born og unge/universell utforming	Gangavstand til skule, friområde, leikeplass, uteopphaldsareal. Godt bumiljø. Prinsippa etter universell utforming er følgt. Ingen negative verknadar for eksisterande friområde.	Noko lengre avstandar, middels negativt i eit folkehelseperspektiv. Tiltaket har nokre negative konsekvensar for bumiljøet og friområda i nærleiken. Berre delvis universelt utforma.	Negative konsekvensar for folkehelsa, bumiljøet og friområda på staden. Ikkje universelt utforma eller tilrettelagt for born og unge.





Vurderingsgrunnlag

Den samla vurderinga speglar konfliktpotensialet til det nye tiltaket.

Konfliktnivået vert vist med fargekoder:

	Lite konfliktpotensiale: tyder at tiltaket er lite negativt, ingen eller positive konsekvensar
	Moderat konfliktpotensiale: tyder at tiltaket er middels eller har usikre negativ konsekvensar
	Stort konfliktpotensiale: tyder at tiltaket har store eller svært store negativ konsekvensar.

Det er viktig å presisere at fargane i vurderinga kun er meint illustrativt og som eksempel på konsekvensnivået.

KU som del av planomtalen

Konsekvensutgreiinga vert utarbeida som eit eige dokument, og lagt ved kommuneplanens arealdel som eit trykt vedlegg ved offentleg ettersyn. Det vil også bli gjeven ei oppsummering av resultata frå utredninga i planomtalen.

Kunnskapsgrunnlag

Vurderingane i KU er basert på informasjon og kunnskap henta frå ulike databasar, rapportar, fagleg skjønn og lokalkunnskap.

Datagrunnlaget som er nytta i arbeidet med konsekvensutgreiinga er:

- ❖ Støysoner for riks- og fylkesvegar
<https://vegvesen.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=805f97e2d6694f45beca4b7a7c59acec>
- ❖ Artskart
<https://artskart.artsdatabanken.no>
- ❖ Kilden
<https://kilden.nibio.no>
- ❖ Gårdskart, NIBIO
<https://gardskart.nibio.no/search>
- ❖ Arealinformasjon, ulike temakart
<https://gardskart.nibio.no/search>
- ❖ Kulturminnesøk
www.kulturminnesok.no
- ❖ Naturbase, Miljødirektoratet. Ulike kartlag
<https://kart.naturbase.no/>
- ❖ Miljøstatur, Miljødirektoratet.



<https://miljoatlas.miljodirektoratet.no/MAKartWeb/KlientFull.htm?lang=no&extent=29597|6946482|40916|6953337&layers=110:100;&basemap=KART&opacity=60&saturation=100>

- ❖ NVE Aktsomheitskart for jord- og flomskred
<https://temakart.nve.no/link/?link=jordflomskredaktsomhet>
- ❖ Sunnmørskart
<https://kommunekart.com/klient/sunnmorskart>
- ❖ Oppskylling av flodbølger etter mulig fjellskred fra Åkerneset .
Revidert vurdering for Hareid sentrum, 13.04.2015.
- ❖ Hareid kommune – Flodbølger etter skred fra Åknes. Beregning av oppskylling ved Brandal, Hareid sentrum og Hjørungavåg. NGI rapport 20100899-00-2-R, 08.02.2011.

Generelle forhold

Radon

Kommunen har ikke utført eigen radon-undersøkjing for heile kommunen, men sporadiske undersøkjinger i samband med kommunale bygg (barnehagar).

Radondokumentasjonen vert lagt fram som del av regulering eller som del av byggjesak der det ikke er krav om regulering.

Skred

Området som i <https://www.nve.no/flaum-og-skred/kartlegging/aktsemdkart/aktsomhetskart-for-sno-og-steinskred-ngi/> er karakterisert som utsett for potensiell skredfare må vurderast og mogleg skredfare avklarast som del av reguleringsarbeidet.

Støy

I område der det er påvist potensielle støyproblem, må støyforholda utgreiaast i forhold til krava i rundskriv T1442 eller tilsvarende gjeldande rettleiar ved regulering.

Det vert elles vist til overordna Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for Hareid kommune som følgjer som vedlegg til kommuneplanens arealdel.



Områder som tidligare er konsekvensutgreia

Områder som fekk endra arealformål ved førre rullering, men enno ikkje er realisert blir vidareførd ved denne rulleringa. Dette gjeld for følgande felt:

- ❖ **B1 Haggardneset** sjå konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel 2012-2024
- ❖ **B2 Vågsleite** sjå konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel 2012-2024
- ❖ **B3 Melshornlia** sjå konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel 2012-2024
PlanID: 20100002
- ❖ **B4 Holstad** sjå konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel 2012-2024
PlanID: 20070003
- ❖ **B5 Plassane**
PlanID: 19990001
- ❖ **B6 Bigset vest** sjå konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel 2012-2024
- ❖ **Bustadfelt Røyset II** ikkje krav til konsekvensutgreiing
PlanID: 20130002
- ❖ **Reguleringsendring Fremste Teigane** ikkje krav til konsekvensutgreiing
PlanID: 20160005
- ❖ **Kåvika G/Bnr. 63/19 og 63/2.** ikkje krav til konsekvensutgreiing
PlanID: 20170001
- ❖ **T2 Bigset barnehage** sjå konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel 2012-2024
- ❖ **G1 Park** sjå konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel 2012-2024
- ❖ **N1 Raffelneset** sjå konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel 2012-2024
- ❖ **N2 Bigset** sjå konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel 2012-2024
- ❖ **F2 Snipsøyri** sjå konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel 2012-2024
- ❖ **F3 Fritidsbusetnad Røyset** sjå konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel 2012-2024
- ❖ **Little Alme** sjå konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel 2012-2024
PlanID: 20170001 ikkje krav til konsekvensutgreiing
- ❖ **Engeskaret** sjå konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel 2012-2024
PlanID: 20170002 ikkje krav til konsekvensutgreiing
- ❖ **Fhn1 Alme** sjå konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel 2012-2024
PlanID: 20160002 eigen konsekvensutgreiing i planomtalen.
- ❖ **Frn3 Ytre Hareid** sjå konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel 2012-2024
- ❖ **Røyset hyttefelt** ikkje krav til konsekvensutgreiing
PlanID: 20130003
- ❖ **Snipsøyri hyttetomter** ikkje krav til konsekvensutgreiing
PlanID: 20150002
- ❖ **Kåvika** ikkje krav til konsekvensutgreiing
PlanID: 20170001

Konsekvensutgreiing for nye områder - Kommuneplanens arealdel 2020-2032

B7 KJØSAPLASSEN


Dagens formål: LNF2 (spreidd busetting)
Foreslått formål: Bustad
Arealstørrelse: 9 056 m²
Gnr/Bnr: 41/12
Forslagsstiller: Kommunen



Figur 2 utkipp av nytt plankart,
kommuneplanens arealdel 2020-2032.

Omtale:

Eigedomen er lokalisert på Indre Hareid, i ytterkant av sentrumssona. Arealet har tidlegare vore ein del av eit større LNFR-område med spreidd busetting. Ved rullering av arealdelen vert denne eigedommen omgjort til bustadformål, medan det resterande arealet for spreidd busetting vert gjort om til LNFR-område med forbod mot busetting.



Figur 3 utkipp plankart, kommuneplanens
arealdel 2012-2024



Figur 4 utkipp ortofoto 2019

TEMA	KONSEKVENS	FORKLARING, (KUNNSKAPSGRUNNLAG), USIKKERHEIT
Miljø		
Forureining		Ikkje registrert forureining i grunnen. Forureiningssak 2015/749, avsluttet. Forureiningsmynde godkjente utført opprydding.
Skred-, og flaumfare. Grunn-forhold, lausmasse.		Om lag 0,5 da i den sørlige delen av planområdet inngår i omsynssone for ras- og skredfare. Grunnen består av marin strandavsetting med tjukt dekke.



Støy		Delar av arealet ligg innanfor gul-støysone grunna Fv. 35. Støykrav må ivaretakast i reguleringsplanen.
Naturmangfald		Funn av vanlig rosettlav i deler av planområdet. Ikkje ein raudlista-eller trua art.
Kulturminner og kulturmiljø		Listeført enkeltminne Stove, Kjøsaplassen, Indre Hareid (SEFRAK-ID: 1517-0002-012).
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv, friområde.		Nærleik til natur og friluftsområde. Ingen kjende tap av desse verdiane.
Jord- og skogbruk		Hovuddelen av området klassifiserast i AR5 som fulldyrka jord. Det resterande arealet er vist som dyrkbar jord. I dag er dette området open jorddekt fastmark.
Samfunn		
Teknisk infrastruktur		Ingen kjende utfordringar knytt til veg, vatn og avløp.
Sosial infrastruktur		Kapasitet på skule og barnehage i nærleiken.
Forholdet til strategi for framtidig arealbruk		Utviding av eksisterande bustadfelt, og bidreg såleis til fortetting av sentrum. Positivt at ein unngår spreidd busetting. Behov for sentrumsnære bustadar.
Folkehelse/ born og unge/ universell utforming		Området er nær rekreasjonsområde. Gangavstand til barnehage. Behov for leikeplass.

Samla vurdering

Dette nye kommunale bustadfeltet vil bidra positivt med å skape vekst i sentrum. Det vil også vere eit positivt tilskåt av nye kommunale sentrumsnære tomter. Området er godt egna til bustadformål med tanke på teknisk- og sosial infrastruktur. Området er forenlig med bustadutbygging då det er i nærleiken av skule, barnehage, friområde og friluftsområder. For at området skal kunne nyttast til bustadar må området omdisponerast frå jordbruksareal.

Konklusjon

Etablering av eit bustafelt på dette området vil bidra positivt til utvikling og styrking av sentrumsområdet. Lokaliseringa gjer området egna for bustadbygging. Utfordringa er at arealet må omdisponerast frå jordbruksareal til bustadområde.



TEIGANE

Dagens formål: Friområde

Foreslått formål: Bustad


Arealstørrelse: Uavklart

Gnr/Bnr: 44/1

Forslagsstiller: Privat (R. og J. Teigene)

Omtale:

Eigedomen vert foreslått endra til framtidig busetting. Den ligg i eit område med mykje eksisterande bustadar. Dette er eit populært bustadområde, med mangel på ubygde bustadtomter. Forslaget vil bidra til ei fortetting av eksisterande bustadområde. Av innspelet framgår det at det ikkje er interesse for å byggje ut heile området, gjerne berre fire tomter.



Figur 5 utkipp plankart, kommuneplanens arealdel 2012-2024



Figur 6 utkipp orotofoto 2019

TEMA	KONSEKVENT	FORKLARING, (KUNNSKAPSGRUNNLAG), USIKKERHEIT
<i>Miljø</i>		
Forureining		Ikkje registrert forureining i grunnen
Skred-, og flaumfare. Grunn-forhold, lausmasse.		Ingen kjend fare for skred eller flaum. Grunnen består av avsmeltningsmorene.
Støy		Utanfor støysone.
Naturmangfold		Ingen kjende forekomstar eller forhold innanfor planområdet.



Kulturminner og kulturmiljø		Ingen kjende kulturminne eller kulturmiljø innanfor planområdet. Det er registrert nokre arkeologiske lokalitetar i nærleiken av planområdet. Eit fjerna kulturminna går så vidt over plangrensa. Nærleggande å tru at det kan vere kulturminner, ettersom det i nærområde er kulturminner. Dette må avklarast i reguleringsplan.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv, friområde.		Planområdet nytta som akebakke. Området har dermed grønstrukturverdiar og er viktig for rekreasjon for omkringliggende bustadar. Arealet er viktig for barn og unge. Regulert til friområde. Ved utbygging vil desse kunne gå tapt.
Jord- og skogbruk		Delvis fulldyrka jord og overflatedyrka jord.
Samfunn		
Teknisk infrastruktur		Opparbeidd infrastruktur i området. Vil kunne vere mogleg å knytte seg på. Avklaring i evt. reguleringsplan.
Sosial infrastruktur		Tilstrekkeleg kapasitet på skule og barnehage i nærleiken.
Forholdet til strategi for framtidig arealbruk		Fortetting av sentrum og eksisterande bustadområde, unngår spreidd busetting. Negativt med tap av grøne verdiar.
Folkehelse/ Barn og unge/ Universell utforming		Tap av akebakke, negative konsekvensar for folkehelsa og barn og unge. Elles er området i nærleik av grøntområde. Nær skule, barnehage.

Samla vurdering:

Kvalitetane i området talar for at det er ein passande plass å etablere bustad her. Utfordringa er at det er ein attraktiv akebakken med grønstrukturverdiar innanfor foreslått område. Utbygging kan ikkje skje dersom ikkje akebakken kan ivaretakast. Vi anser det som vanskelig å ikkje røre ved akebakken ved ei utbygging.

Konklusjon:

Området bør ikkje byggast ut med omsyn til born og unge, da arealet er nytta som friområde der rekreasjon og leik er viktig bruksformål på dette området.



B9 NERLI


Dagens formål: 5100 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gården ressursgrunnlag.
5001 Landbruk-, natur- og friluftsformål samt reindrift (LNFR)

Foreslått formål: Bustad

Arealstørrelse: 18 335 m²


Gnr/Bnr: 76/2

Forslagsstiller: Privat



Omtale:

Området ligg sentralt til på Hjørungavåg, like i nærleiken av barneskulen. Det er i dag noko eksisterande busetting innanfor området som er ønska utbygd til bustadar. Arealet som foreslås til bustadbygging ligg i direkte tilknytting til andre bustadområder som også skal utviklast i framtida.



Figur 7 utkipp plankart, kommuneplanens arealdel 2012-2024



Figur 8 utkipp ortofoto 2019

TEMA	KONSEKVENS	FORKLARING, (KUNNSKAPSGRUNNLAG), USIKKERHEIT
Miljø		
Forureining		Ikkje registrert forureining i grunnen
Skred-, og flaumfare. Grunn-forhold, lausmasse.		Ingen kjend fare for skred eller flaum. Grunnen består av morenemateriale, tjukt dekke.



Støy		Utanfor støysone.
Naturmangfald		Ingen registrerte lokalitetar.
Kulturminner og kulturmiljø		Freda enkeltminne, Stove, Nedreli (SEFRAK-ID: 1517-0008-046) Listeført enkeltminne, Løe, Nils-garden, Nedreli (SEFRAK-ID: 1517-0008-048).
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv, friområde.		Skogsområder i umiddelbarn nærleik. 500m til friområdet på Leira. Ingen kjende taå av verdiar ved ei eventuell utbygging.
Jord- og skogbruk		Området består av fulldyrka jord, skog med sær høg bonitet, innmarksbeite og busetnad.
Samfunn		
Teknisk infrastruktur		Eksisterande infrastruktur i området. Mulig å knyte seg på. Avklaring må skje i reguleringsplanarbeidet.
Sosial infrastruktur		Kapasitet på både skule og barnehage. Skule ligg i umiddelbar nærleik til planområdet. Det er imidlertid ingen barnehage i krinsen Hjørungavåg.
Forholdet til strategi for framtidig arealbruk		Utbygging knytt til eksisterande og framtidig bustadområde. Motverkar spreidd busetting. Bidreg til vekst i Hjørungvåg.
Folkehelse/ Born og unge/ Universell utforming		Nær skule og friområde. Skogsområder i nærleiken av planområdet. Det vil vere behov for etablering av leikeplass.

Samla vurdering:

Kommunen har behov for byggjeklare bustadomter, noko dette området kan bidra med, spesielt då innspelet er privat inisert. Forslaget medbringer imidlertid negativ konsekvens for jord- og skogbruk, då det er skog av høg bonitet i området. Utover dette er dei andre verknadane av forslaget moderat til ingen. Samla sett er dette eit positivt tiltak for Hareid kommune.

Konklusjon

Ut frå ein heilheitsvurdering er det kome fram til at dette området er godt egna for bustadutbygging.



B8 KOMMUNESKOGEN

Dagens formål: LNFR

Foreslått formål: Bustad



Arealstørrelse: 40 215 m²

Gnr/Bnr: 51/8


Forslagsstiller: Kommunen

Omtale:

Området er lokalisert langs Røysetvegen, der det i dag er store skogsområder. Kommunen er grunneigar og ynskjer at deler av g/bnr 51/8 i framtida skal bli omgjort til bustadområde, og tar derfor inn dette området som eit framtidig bustadområde i kommuneplanens arealdel. Området kan ikkje utviklast før skogen er moden for hogst. Det er god dialog med landbruksmynde knytt til dette området.



Figur 9 utkipp plankart, kommuneplanens arealdel 2012-2024



Figur 10 utkipp ortofoto

TEMA	KONSEKVENS	FORKLARING, (KUNNSKAPSGRUNNLAG), USIKKERHEIT
Miljø		
Forureining		Ikkje registrert forureining i grunnen
Skred-, og flaufare. Grunn-forhold, lausmasse.		Store delar av området inngår i omsynssone H310 ras- og skredfare. Skredfaren må vurderast vidare i reguleringsplanarbeidet. Ingen flomfare. Grunnen består av morenemateriale, tjukt dekke.
Støy		Utanfor støysone.



Naturmangfald		Nordflaggermus registrert på deler av planområdet. Ikkje ein raudlista-eller trua art.
Kulturminner og kulturmiljø		Ingen kjende kulturminne eller kulturmiljø går tapt.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv, friområde.		Nærleik til Snipsøyrvatnet med tilhøyrande frilufts-mogligheiter. Mykje skog- og grøntområde rundt bustadfeltet.
Jord- og skogbruk		Skog av høg bonitet. Hugstklar om 15-20 år, når furuskogen har nådd ein alder på om lag 100 år. Ope jorddekt fastmark. Området er egna for oppdyrkning til fulldyrka jord.
Samfunn		
Teknisk infrastruktur		Det har vore ei opprusting av infrastrukturen på Røyset. Tilknytting til kommunal veg og avlaupssystem må avklarast i reguleringsarbeidet. Det går ei høgspent leidning gjennom området. Dette må avklarast i reguleringsarbeidet med omsynssone for høgspent, H370.
Sosial infrastruktur		Kapasitet på skule og barnehage på Bigset.
Forholdet til strategi for framtidig arealbruk		Utbygging knytt til eksisterande og framtidig busetting. Strategisk formålsmessig med bustadutvikling i eit område med oppgradert infrastruktur. Positivt for Bigset krins å få fleire ledige byggjetomter.
Folkehelse/ Born og unge/ Universell utforming		Forslaget ligg i eit område med mykje natur rundt, og gode moglegheiter for rekreasjon.

Samla vurdering:

Forslaget om nytt bustadfelt på Røyset medfører få negative konsekvensar, utan om at det beslaglegg skog av høg bonitet.

Positivt for kommunen og Bigset som krins at det kjem fleire bustadar på Røyset, som ei utviding av eksisterande bustadfelt. Bidreg til målet om konsentrert busetting, og motverkar fleire områder med spreidde bustadar.

Konklusjon

Område B8 egner seg godt for bustadutbygging . Forutsettinga er at utbygging ikkje kan skje før skogen er hugstklar.

B12 BREKKANE

Dagens formål: Offentleg og privat tenesteyting

Foreslått formål: Bustad

Arealstørrelse: 20 825 m²

Gnr/Bnr: 41/2, 41/4

Forslagsstiller: Privat

Omtale:

<<Området ligg sentralt i Hareid, med nærleik til med anna sentrumsfunksjonar, skule, barnehage og helsetenester. Endring av arealformålet har vore til politisk behandling i Hareid formannskap to gongar, begge gongane vart omdisponeringa akseptert. Det er eit pågåande planarbeid for området, planID 20180002.





Figure 12 utkipp plankart, kommuneplanens arealdel 2012-2024

Figur 11 utkipp ortofoto 2019

TEMA	KONSEKVENT	FORKLARING, (KUNNSKAPSGRUNNLAG), USIKKERHEIT
Miljø		
Forureining		Ikkje registrert forureining i grunnen
Skred-, og flaumfare. Grunn-forhold, lausmasse.		Ingen kjend fare for skred- eller flaum. Grunnen består av marin strandavsetting, tjukt dekke.
Støy		Store deler av arealet ligg innanfor gul støysone.
Naturmangfald		Ingen kjende registreringar av lokalitetar.



Kulturminner og kulturmiljø		Ingen registrerte kulturminner eller kulturmiljø.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv, friområde.		Næleik til skule og landbruksaral.
Jord- og skogbruk		Området består av fulldyrka jord.
Samfunn		
Teknisk infrastruktur		Eksisterande teknisk infrastruktur. Avklare tilkobling til dette i reguleringsplanarbeidet.
Sosial infrastruktur		Kapasitet på barnehage og skule.
Forholdet til strategi for framtidig arealbruk		I tråd med strategi om å unngå spreidd buseetting. Tiltaket blir ei forlenging av eksisterande bustadområde. Positivt bidrag til sentrumsnære bustadar.
Folkehelse/ Born og unge/ Universell utforming		Nærleik til skule, sentrumsnært.

Samla vurdering:

Positivit tiltak som er i tråd med kommunens målsetting om fortettig. Utbygging av dette området vil bidra til flere sentrumsnære bustadar. Støy må håndsamast i reguleringsplanarbeidet. Den negative verkninga av utbygging er at jordbruksareal går tapt.

Konklusjon

Området egnar seg til etablering av bustadar.



UTVIDELSE MASSEDEPONI HAREIDSEIDET


Dagens formål: LNFR

Foreslått formål: Avfallsdeponi (Annan type busetting og anlegg)

Arealstørrelse: 40 235 m²

Gnr/Bnr: 54/1



Forslagsstiller: Privat




Omtale:

Forslagsstiller ynskjer å utvide eksisterande massedeponi med om lag 40 da. Eksisterande massedeponi er detaljregulert, planID: 20130001.

Området som ynskjast utvida er lokalisert i tilknyting til eksisterande deponi, og ligg om lag 650m aust for Fv. 61 i eit område kor det ikkje er noko anna utbygging enn deponiet. Arealet ligg skjema til frå hovudvegen, men området vil vere synleg frå kommunal veg.



Figur 13 utkipp plankart, kommuneplanens arealdel 2012-2024



Figur 14 utkipp ortofoto 2019

TEMA	KONSEKvens	FORKLARING, (KUNNSKAPSGRUNNLAG), USIKKERHEIT
<i>Miljø</i>		
Forureining		Registert forureining i grunnen Planområdet ligg ved ein avslutta grovavfallspllass, Eidet avfallsdeponi. Forureining er akseptabelt med dagens areal- og resipientbruk.
Skred-, og flaumfare. Grunn-forhold, lausmasse.		Ingen kjend skred- eller flaumfare. Grunnen består store hovudsakleg av morenemateriale, tjukt dekke. Eit mindre område består av avsmeltningsmorene.
Støy		Utanfor støysone.





Naturmangfald		Gulsanger held til i dette området. Fuglen er ikkje ein raudlista- eller trua art.
Kulturminner og kulturmiljø		Ikkje registrert kulturminner eller kulturmiljø innanfor planområdet.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv, friområde.		Ein liten del av utvidinga av massedeponiet ligg i eit regionalt viktig friluftsområde, markert med omsynssone H530 på plankartet. Dette området er betraktleg mindre enn området som allereie er etablert som massedeponi innanfor omsynssona.
Jord- og skogbruk		Ope fastmark. Skogbonitet: Impediment (ikkje egna til jord- eller skogproduksjon). Ikkje egna for oppdyrkning til fulldyrka jord.
Samfunn		
Teknisk infrastruktur		Nödvendig teknisk infrastruktur eksisterar, då det allereie er massedeponi på staden.
Sosial infrastruktur		Ikkje relevant.
Forholdet til strategi for framtidig arealbruk		I tråd med etterspurnad om deponi i Hareid kommune. Positivt å utvide i staden for å etablere nytt deponi ein annan stad i kommunen.
Folkehelse/ Born og unge/ Universell utforming		Ikkje aktuelt.

Samla vurdering:

Samla sett er dette ein egna stad for for massedeponi. Det er etablert bruk av massedeponi med detaljregulering, som forslagsstiller no vil utvide. Dei fleste temaene i utgreiinga taler for det.

Grunna forureina grunn er det vanskeleg å få nytta området til andre tiltak. Dei andre temaene i konsekvensutgreiinga talar også for at dette området er egna til massedeponi. Det er likevel uheldig at det er eit regionalt viktig friluftsområde. På tross av dette er det allereie etablert massedeponi i det området der friluftinteressa er sterkest. Ved utviding av tiltaket er det kun ein mindre del av planområdet som rører ved omsynssone H530.

Konklusjon

Området egnar seg til bruk av massedeponi.

Frn1 KORSHAMNA

Dagens formål: Akvakultur
Foreslått formål: Fritidsbebyggjelse
Arealstørrelse: 9 441 m²
Gnr/Bnr: 68/21
Forslagsstiller: Privat



Omtale:

Området er lokalisert ved sjøen i Korshamna, Hjørungavåg, som i tidlegare arealplan er satt av til akvakultur. Området foreslås omdisponert til fritidsbustadar, med moglegheit for etablering av rorbu. Arealet ligg inntil eit eksisterande område for fritidsbusetting.




Figure 16 utkipp plankart, kommuneplanens arealdel 2012-2024



Figur 15 utkipp ortofoto 2019

TEMA	KONSEKvens	FORKLARING, (KUNNSKAPSGRUNNLAG), USIKKERHEIT
Miljø		
Forureining		Ikkje registrert forureining i grunnen
Skred-, og flaumfare. Grunn-forhold, lausmasse.		Ingen kjend fare for skred- eller flaum. Området ligg i randsona til omsynssone for flaumfare, H320. Det er ikkje kartlagt lausmasser, dette må avklarast i reguleringsplan.
Støy		Ingen kjende støykjelder.
Naturmangfald		Ingen kjende registreringar av lokalitetar.
Kulturminner og kulturmiljø		Ingen registrerte kulturminner eller kulturmiljø.



Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv, friområde.		Nærleik til sjø og ope landbruksområde.
Jord- og skogbruk		Området er utbygd.
Samfunn		
Teknisk infrastruktur		Eksisterande teknisk infrastruktur til allereie etablert felt for fritidsbustadar. Avklare tilkobling til dette i reguleringsplanarbeidet.
Sosial infrastruktur		Ikkje aktuelt. Fritidsbustadar skal ikkje nyttast som bustad.
Forholdet til strategi for framtidig arealbruk		I tråd med strategi om å unngå spreidd busetting. Tiltaket blir ei forlenging av eksisterande område for fritidsbustadar.
Folkehelse/ Born og unge/ Universell utforming		God tilgang til rekrasjonsområde, nærleik til sjø.

Samla vurdering:

Alle dei vurderte temaene syner til positive eller ingen verknadar knytt til etablering av fritidsbustadar i dette området.

Konklusjon

Området egnar seg godt til etablering av fritidsbustadar.